

Saksbehandlar: Statens vegvesen Region vest, Samferdsleavdelinga
Sak nr.: 17/5365-1

Nye driftskontrakter for Nordfjord og Ytre Sunnfjord 2018 – 2023

Fylkesdirektøren rår hovudutval for samferdsle til å gjere slikt vedtak:

- 1) Ved utlysning av driftskontrakt for Nordfjord og Ytre Sunnfjord for perioden 2018 – 2023 skal følgjande vinterstrategi leggjast til grunn:
 - a. Som hovudregel skal driftsklasse C nyttast
 - b. Vegarmar som ligg perifert til skal ha driftsklasse D og driftsklasse E
 - c. Det skal nyttast saltløysing i staden for fukta salt.
- 2) Driftsentreprenør må disponere minst ein veghøvel i kontraktsområdet.
- 3) Driftsentreprenøren må disponere ein snøfres og to hjullastarar i vintersesongen
- 4) Det skal vere krav om kvitmaling av følgjande tunnelar i kontraktsperioden:
 - d. Fv. 60 Tyvanestunnelen
 - e. Fv. 60 Stavenestunnelen

Andre relevante dokument i saka:

Handbok R610 Standard for drift og vedlikehald av riksvegar

<http://www.vegvesen.no/Fag/Publikasjoner/Handboker>

Handbok R763 - dokumenter for driftskontrakter veg

<https://www.vegvesen.no/s/bransjekontakt/R763/Drift-veg/>

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Grunnen for at saka er fremja

Dei to driftskontraktane 1403 Nordfjord og 1404 Ytre Sunnfjord går ut 31.08.2018.

I samband med utlysning av nye driftskontraktar for Nordfjord og Ytre Sunnfjord, med oppstart 1. september 2018, vil fylkesdirektøren orientere om kva funksjonskrav, samt kva innsatsnivå og kva krav til tilstand og/eller krav til tiltak som Statens vegvesen vil leggje til grunn i perioden 2018-2023. Det er lagt opp til 1 års opsjon.


Historikk - tidlegare vedtak

Sogn og Fjordane fylkeskommune har tidlegare bestemt at fylkesvegnettet i Sogn og Fjordane skal driftast og vedlikehaldast i samsvar med standardkrav gitt i vegvesenet si handbok R610 "Standard for drift og vedlikehold". For ytterlegare informasjon om handbok R610, kan ein gå inn på: <http://www.vegvesen.no/Fag/Publikasjoner/Handboker>. Krav i R610 er innarbeidd i HB R763, gjeldande mal for driftskontraktar på veg:

<https://www.vegvesen.no/s/bransjekontakt/R763/Drift-veg/>

Omtale av kontraktsområdet 1403 Nordfjord

Kontraktsområdet Nordfjord omfattar Stryn, Hornindal, Eid, Vågsøy, Selje, samt delar av Volda og Vanylven kommunar:



Vegnettet

Ny kontrakt omfattar totalt 627 km riks- og fylkesvegar. Gjeldande kontrakt inneheld 615 km riks- og fylkesvegar.

<i>Veglengder</i>	<i>Ny kontrakt</i>	<i>Gjeldande kontrakt</i>
Riksveg	169,853 km	158,942
Rv. gang/sykkelveg	24,069 km	15,716
Fylkesveg	423,877 km	431,005
Fv. gang/sykkelveg	9,949 km	9,329
Totalt	627,748 km	614,992

3,370 km av fylkesveg ligg i Møre og Romsdal (fv. 620 frå fylkesgrensa til Åheim).

Endringane i veglengder skuldast i hovudsak Kvivsvegen, der tidligare fv. 60 frå Kjøs til Kvivstunnelen er omklassifisert til riksveg (E39). Dette gjeld og gangvegar.

Region midt driftar fv. 61 frå Møre grense på Maurstadeidet til kryss med rv. 15 på Maurstad gjennom kontrakt 1501 Søre-Sunnmøre.

Trafikkbelastning

Trafikken på vegnettet varierer frå ein årstdøgntrafikk (ÅDT) på om lag 50 kjt/d til om lag 6000 kjt/d, og det er venta ein generell årleg trafikkvekst på 2,0% i kontraktsområdet.

Standard og tilstand på vegnettet

Det er varierende standard og tilstand på vegnettet i kontraktsområdet. Alle vegar har fast dekke. Mykje av vegnettet er gammalt. Dette utløyser omfattande behov for innsats innan drift- og vedlikehald, både sommar og vinter. Nokre få fylkesvegar har bruksklasse bk8 og mange av fylkesvegane har avgrensing i vogntoglengde. Deler av vegnettet er smalt, bratt og svingete.

Kontraktsområdet strekker seg frå kysten ved Stadt og Vågsøy til høgfjell på Strynefjellet. Vegane ligg stort sett i typisk vestlandsnatur med høge fjellparti. Mange av fylkesvegane i kontrakten er utsett for skred sommar og vinter. Fylkesvegar som ofte er utsatt for skred er fv. 664 til Navelsaker, fv. 664 til Otterdal, fv. 722 til Flo (er planlagd sikra med tunnel), fv. 720 Hjelleanstranda, fv. 723 i Lodalen og fv. 724 i Oldedalen. Fv. 633 til Honningsvåg vert sikra med tunnel i første periode av kontrakten (Kleiva). På nedsida av fylkesvegane har vi mange bratte skrånningar/stup som ofte endar i fjord eller vatn. Her er det stort behov for sikring med rekkverk. Kontrakten omfattar og drift av tunnelar, bruer og andre element på og langs vegnettet.

Klimatiske forhold

Dei klimatiske forholda varierer frå kysten med typisk kystklima på vestlandet med periodar med nedbør og kraftig vind og til meir innland med høge fjell. Mengde snø på bakken er svært varierande. Temperatursvingingar kring 0 grader førekjem ofte i vinterhalvåret i låglandet i ytre delar av kontrakten, medan det i indre og høgare delar av kontraktområdet kan vere kaldt og mykje snø. Normal årsmiddelnedbør innanfor kontraktområdet er frå 1500 til over 4000 mm/år. Normal årsmiddeltemperatur frå 4,9 til 7,5 grader.

Endringar i vegnettet


Stortinget har vedteke at Hornindal kommune og Volda kommune skal slå seg saman og leggast til Møre og Romsdal. Vi tek høgde for at fylkesvegane i Hornindal vert registrert slik at dei eventuelt kan takast ut av denne kontrakten. E39 frå Kjøs til Kvivstunnelen vil og bli registrert slik at den kan takast ut av kontrakten.

Kontraktslengde.

Driftskontrakt Nordfjord 2010 – 2015 var ein prøvekontrakt der ein utvida den normale kontraktslengda på driftskontraktane på 5 år med 3 år dersom partane var samde om dette. Dette vart avgjort etter 4 år der partane var samde om å forlengje kontrakten. I tillegg har ein også eit år opsjon. Statens vegvesen er svært nøgd med denne ordninga og har søkt Vegdirektoratet om å få same ordninga for kommande kontrakt. Dvs 5 + 3 + 1 år. Dette er gjort fordi vi har ein del spesielle forhold og mange skredutsette vegar som krev erfaring. I samband med denne søknaden skal vi foreta ein vurdering av entreprenørmarknaden.

Omtale av kontraktområdet 1404 Ytre Sunnfjord

Kontraktområdet Ytre Sunnfjord omfattar Flora og Bremanger, samt delar av Gloppen og Naustdal kommunar.



Vegnettet

Ny kontrakt omfattar totalt 458 km riks- og fylkesvegar, medan gjeldande kontrakt inneheld 439 km riks- og fylkesvegar.

Veglengder.	Ny kontrakt	Gjeldande kontrakt
Riksveg	37,831 km	36,721 km

Rv. gang/sykkelveg	1,890 km	1,890 km
Fylkesveg	414,000 km	395,759 km
Fv gang/sykkelveg	4,525 km	4,987 km
Totalt	458,246 km	439,357 km

Endringar i Flora

I veglendene har Statens vegvesen teke inn dei fylkesvegane i Flora kommune som kommunen har drifta etter avtale med Sogn og Fjordane fylkeskommune og Statens vegvesen. Flora kommune har sagt opp avtalen frå 31.08.2018 og ønskjer ikkje lenger å drifte desse fylkesvegane. Dette gjeld fv. 545 Kinnvegen, Havrenesvegen og Thor Solbergsveg, fv. 551 på øya Askrova, fv. 552 på øya Rekstad. Fv. 553 på øya Skorpa har Statens vegvesen drifta i inneverande kontrakt. I tillegg har Flora kommune drifta rv. 5 frå kryss med fv. 548 ved bensinstasjonen til Fugleskjærskia (Markegata). Denne vil og bli ein del av ny driftskontrakt.

Endringar i Bremanger

Fv. 616 Arm til Kjelkenes ferjekai og arm til Smørhamn ferjekai er vedteke omklassifisert til kommunal veg.

Trafikkbelastning

Trafikken på vegnettet varierer frå ein årssdøgntrafikk på om lag 50 kjt/d til omlag 3500 kjt/d, og det er forventa ein årleg trafikkvekst på ca. 2 %.

Orientering om vegnettet

Det er varierende standard og tilstand på vegnettet i kontraktområdet. Alle vegar har fast dekke. Mykje av vegnettet er gammalt. Dette utløyser omfattande behov for innsats innan drift- og vedlikehald, både sommar og vinter. Nokre få fylkesvegar har bruksklasse bk8 og mange av fylkesvegane har avgrensing i vogntoglengde. Deler av vegnettet er smalt, bratt og svingete.

Klimatiske forhold

Kontraktområdet er nedbørsrikt, og er typisk kystklima på vestlandet med kraftig vind. Mengde snø på bakken er svært varierende. Temperatur kring 0 grader førekjem ofte i vinterhalvåret. Tida med samanhengande "kvit vinter" er kort for store deler av kontraktområdet. Normal årsmiddelnedbør innanfor kontraktområdet er frå 1500 til over 5000 mm/år. Normal årsmiddeltemperatur er frå 4,9 til 7,5 grader.

Nye driftskontraktar Nordfjord og Ytre Sunnfjord. Kontraktsinnhald

Driftskontraktane i Statens vegvesen vert utarbeidd etter malar frå Vegdirektoratet og er felles for driftskontraktane i landet.

Oppdraget omfattar i hovudsak rutinemessige driftsoppgåver og mindre vedlikehaldsoppgåver på vegnettet. Oppdraget omfattar også inspeksjon og registrering, planlegging av aktiviteten, beredskap med omsyn til vinterdrift og generell trafikkavvikling, dokumentasjon, rapportering til byggherren, informasjon til publikum og handtering av andre oppgåver som er nødvendige for drift og vedlikehald av vegnettet.

Nedanfor er dei viktigaste endringane kort skildra og kva kontrakten omfattar:

Prosess 14 Arbeidsvarsling. Ny prosess.

Arbeidsvarsling låg tidlegare prisa under kvar arbeidsprosess. Kravet til arbeidsvarsling har blitt vesentleg skjerpa og følgeleg vesentlig dyrare. Spesielt gjeld dette for arbeid i tunnelar. Det vert mellom anna kravd bruk av ledebil og manuell dirigering ved arbeid og opphald på vegbana i tunnelar. Det er og auka krav til dokumentasjon på arbeidsvarsling.

Prosess 18 Samhandlingsprosess.

Et skal vera ein samhandlingsprosess på 5 - 6 dagar før kontraktstart for å sikre felles forståing av kontrakten.

Kontrakten omfattar i hovudsak alle drift- og vedlikehaldsoppgåver på fylkesvegnettet.

Under er det lista opp ein del sentrale punkt i kontrakten:

- Trafikkberedskap
- Inspeksjon, reinhald og reinsk av tunnelar

- Drift av drensssystem for å sikre vatn fritt løp
- Lapping og reparasjon av lokale skadar i asfaltdekker, oppgrusing av lommar
- Drift/vedlikehald av murar, støyskjermar, stabilitetssikring, kantstein, gjerder, rekkverk, skilt og anna vegutstyr, rasteplassar, leskur, etc.
- Drift av grøntareal og skråningar inklusiv nedkjemping av uønskt vegetasjon
- Reinhald
- Inspeksjon, reingjering og enklare vedlikehald av bruer og kaier
- Vinterdrift

Det blir stilt krav til beredskap og entreprenøren skal kunne rykke ut og foreta nødvendige avsperringar /omskiltingar for å ivareta trafikktryggleiken og trafikkavvikling. Entreprenøren skal etablere beredskap der han heile året kan rykke ut med nødvendig materiell.

Oppgåver som ikkje inngår i driftskontraktane:

- Dekkefornyng
- Oppmerking
- Drift av belysning
- Indre vedlikehald av trafikksignalanlegg og andre trafikkstyrings- og overvakingssystem
- Større vedlikehaldsarbeid på t.d. drens- og avløpsanlegg, tunnelar, murar, bruer, kaier.
- Nyoppsetting/utskifting av rekkverk.
- Investeringsoppgåver

Vinterstrategi

Kontraktsbeskrivelse før 2012

I overgangsperiodar med bar veg vert dei viktigaste vegane drifta med "mellomstrategi". Mellomstrategi er ikkje beskrive i handbok R610, men er slik at når ein har bar veg og det er fare for rimfrost på vegen, skal vegen saltast preventivt for å hindre glatt veg. "Mellomstrategi vil gje betre veggrep for trafikantane i periodane med tilnærma bar veg. Med "mellomstrategi" vil vi salte preventivt før det dannar seg is og rim på vegen. Med strategi vinterveg vert tiltak i form av strøing med sand eller saltblanda sand sett i verk etter at veggrepet er under våre friksjonskrav i handbok R610.

Mellomstrategi i kontraktane er for det meste utført med saltløysing spreidd på vegbana med tallerkenspriar.

Kontraktsbeskrivelse 2018-23

Statens vegvesen ønskjer å endre saltmetode i kontrakten og sette krav om å nytte saltløysing i staden for fukta salt. Saltløysing har ein langt meir gunstig effekt som preventiv salting. Saltmengda ved bruk av saltløysing er om lag det halve enn ved bruk av fukta salt. Klimaet i kontraktområda er svært gunstig for preventiv salting. Relativt lite snøfall i ytre strøk, bare vegar og temperaturar som svingar rundt null grader er forhold der mellomstrategi er beste metode.

I ny handbok R610 er vegnettet inndelt i klasser for vinterdrifta. Driftsklasse A og B er tilnærma barvegstrategi. Driftsklasse C er tilnærma mellomstrategi og Driftsklasse D og E er tilnærma vinterveg:

Køyrevegar:

Vinterdriftsklasse A – DkA Godkjent føreforhold er bar veg (tørr eller våt).

Vinterdriftsklasse B – DkB Godkjent føreforhold er bar veg (tørr eller våt), hard snø/is vert tillate utanom hjulspor i avgrensa tidsrom.

Vinterdriftsklasse C – DkC Godkjent føreforhold er bar veg (tørr eller våt) i milde periodar og hard snø/is i kalde perioder.

Vinterdriftsklasse D – DkD Godkjent føreforhold er hard snø/is.

Vinterdriftsklasse E – DkE Godkjent føreforhold er hard snø/is. Friksjon ned til 0,20 aksepteres. DkE skal ikkje nyttas på riksveg.

Ferdsleareal for gåande og syklende:

Vinterdriftsklasse GsA Bymessig strøk med høg gang- og sykkeltrafikk Hovudnett for sykkeltrafikk. Ferdselsareal der store deler av arealet eller strekningen har indikatorar.

Vinterdriftsklasse GsB Øvrige ferdselsareal for gåande og syklande

Vinterdriftsklasse DkA, DkB og vinterdriftsklasse GsA vert ikkje nytta på fylkesveg i nokon av kontraktane.

Fv. 258 Gamle Strynefjellsvegen:

Det vart i samband med sak FT-sak 51/2016 Budsjett 2017/økonomiplan 2017-2020 vedteke at fv. 258 Gamle Strynefjellsvegen skal vere vinterstengd i perioden 1. november til 15. juni. Statens vegvesen meiner at den utvida vinterstenginga vil ha store negative konsekvensar for Stryn sommarskisenter.

Tilråding

Med bakgrunn i erfaring frå noverande driftskontrakt og andre kontraktar i Region vest, tilrår Statens vegvesen å nytte driftsklasse DkC med redusert syklustid på brøyting og strøing på størstedelen av vegnettet i driftsområdet, med unntak av vegarmar som ligg periferert til der vi tilrår driftsklasse D og E. Dei tilrår føringar om saltløysing som saltmetode og dette er i samsvar med saltinstruksen som er ein del av kontrakten.

Statens vegvesen reknar med at endra syklustid vil gje ei innsparing på 2 – 3 mill. kroner i kontraktperioden.

Statens vegvesen tilrår ikkje utvida vinterstengingsperiode for fv. 258 Gamle Strynefjellsvegen.

Krav til strø- og brøyteroder

I ny landsdekkande kontraktssmal for driftskontraktar er det stilt krav til brøytefrekvens. Det er definert kva ei rode (arbeidsstrekning) er. Det er og stilt krav til syklustider. Syklustid er den tida det tar frå ein starter tiltak til ein er tilbake. Dvs at heile vegbana skal vere brøytt.

Krav til utstyr i kontrakten

I driftskontraktane for 2018-2023 for vinterdrift vil det bli stilt krav til kva utstyr entreprenøren skal ha tilgjengeleg for vinterdrifta, to stk. hjullastarar, fres og veghøvel. Det har vore avdekka avvik på krav til minimum snø- og issåle. Ei av årsakene til dette meiner vi var at entreprenørane ikkje hadde tilgjengelig rett utstyr til å fjerne dette. Med erfaring frå noverande kontrakt, ønskjer vi å legge føringar om tilgjengeleg snøfres for rømming og evt. opning av veg. Vi krev og slapseplog på vegar med vinterdriftsklasse DkB og DkC.

Tilråding

Statens vegvesen tilrår å sette føringar/krav i kontrakten om at driftsentreprenøren må disponere minst ein veghøvel i kontraktsområdet. Dei tilrår å sette krav om at driftsentreprenøren skal disponere ein snøfres og to hjullastarar i vintersesongen.

Reinhald av fylkesvegtunnelar:

Når det gjeld reinhald av tunnelar, er frekvens på reinhaldet styrt ut frå trafikken på vegstrekninga. I ny handbok R610 er frekvens på reinhald i tunnelar endra i høve tidlegare. Vi er usikre på korleis dette slår inn økonomisk ved ny kontrakt.

Maling/kviting av fylkesvegtunnelar:

Statens vegvesen Region vest sin politikk når det gjeld kvitmåling av tunnelar er slik:

«I Region vest skal det nyttast kvitmåling til betring av lystilhøva i følgande tunnelar på riksvegnettet:

- 1) *Tunnelar med ÅDT > 8000 vert målt 3 m opp i heile lengda*
- 2) *Alle tunnelar med kuvaturradius < 400 m i inngangssona og der køyrebana er mindre enn 6,3 m vert kvitmåla 3 m opp i inngangssonene.*
- 3) *Kvitmåling kan også vurderast ved andre spesielle forhold, som t.d. manglande lys, stor gangtrafikk el.l.*

Som kvitmåling skal nyttast sementbasert kvitmåling. Kvitmålinga vert lagt inn i drifts-kontraktane etter kvart som dei vert lyste ut på ny. Statens vegvesen gjer fylkeskommunen kjende med vedtaket og tilbyr å innføre det same på fylkesvegnettet i denne kontrakten.»

Statens vegvesen meiner at nokre av fylkesvegtunnelane bør malast på sidene i ei høgde på ca. 3 meter. Bakgrunn for ønsket er å betre trafikksikkerheiten.

Kostnad til maling/kviting av tunneler varierer frå ca. 40,-kr /m² til 100,- kr/m². Det er difor vanskeleg å stipulere kostnad på dette. Dersom vi tar utgangspunkt i ein snittpris på 60,- kr/m², vil vi få følgjande kostnadsoverslag:

<i>Tunnel</i>	<i>lengde</i>	<i>Areal maling/kviting</i>	<i>Antatt kostnad</i>
Fv. 60 Tyvanes (Nordfjord)	187	1122 m ²	70.000,-
Fv. 60 Stavenes (Nordfjord)	126	756 m ²	46.000,-

Tilråding

Statens vegvesen tilrår at Tyvanestunnelen og Stavenestunnelen på fv. 60 skal kvitmålast i løpet av kontraktperioden. Dette medfører ein kostnad på om lag 0,1 mill. kr.

2. Vurderingar og konsekvensar

Økonomi- og budsjettkonsekvensar

Kontraktsummen for 1403 Nordfjord 2010 – 2015, 5 år, var på 170,8 mill.kr utan mva i 2009 kr, der 82,3 mill. kr var knytt til fylkesvegnettet. Med 22 % prisstigning for perioden 2010- 2017 reknar vi med ein kontraktspris for neste periode på i storleiken 208 mill. 2017-kr i 2017-kr. Av dette utgjer fylkesvegnettet om lag 100 mill. kr.

Dette gir ein årleg kontraktspris på ca. 42 mill. 2017-kr, fordelt med 22 mill. kr for riksveg og 20 mill. kr for fylkesveg, eks mva.

Kontraktsummen for 1404 Ytre Sunnfjord 2013 – 2018, 5 år, var på 113,3 mill. kr utan mva i 2013, der 97 mill. kr var knytt til fylkesvegnettet. Med 11% prisstigning for perioden 2013 - 2017 så vil kontraktsprisen i 2017 ligge på 126 mill. kr i 2017-kr. Av dette utgjer fylkesvegnettet om lag 108 mill. kr.

Dette gir ein årleg kontraktspris på ca. 25 mill. kr. i 2017-kr, fordelt med 3 mill. kr til riksveg og 22 mill. kr til fylkesveg, eks mva.

Dei siste åra har kontraktsprisen auka tilsvarende prisstigninga. I kontrakt Ytre Sunnfjord vil vi få eit tillegg for auka veglengder i Flora. Samstundes vil dagens tilskot til Flora kommune for drift av desse vegane falle vekk.

For begge kontraktane vil det komme eit tillegg for auka krav til arbeidsvarsling. Vi vurderer likevel at kostnadane for kontraktane vil ligge rundt dagens med auke i samsvar med prisstigninga som vist over.

Det er innført nye momsreglar for vegarbeid. Der vi før hadde momsfristak på «arbeidet på vegen» er det innført full moms på alt arbeid på lik linje med samfunnet elles. Vi reknar at vi tidlegare hadde moms på ca. 4 % av kontrakten mot om lag 25 % i dag.

3. Konklusjon

I samband med sak FT-sak 51/2016 Budsjett 2017/økonomiplan 2017-2020 vart det vedteke at fv. 258 Gamle Strynefjellsvegen skal vere vinterstengd i perioden 1. november til 15. juni. Statens vegvesen meiner at den utvida vinterstenginga vil ha store negative konsekvensar for Stryn sommarskisenter og tilrår ikkje utvida vinterstenging.

Fylkesdirektøren legg til grunn at vedtekne innsparingskrav skal gjennomførast. Eg rår difor til at utvida vinterstenging av fv. 258 Gamle Strynefjellsvegen vert lagt inn i kontrakten. Alternativt må utvalet finne tilsvarande innsparing ein annan stad innanfor samferdslebudsjettet. Det vart sendt brev til kommunane Skjåk og Stryn, samt Oppland fylkeskommune om dette 1. juni 2016.

Fylkesdirektøren tilrår elles at Statens vegvesen sine anbefalingar når det gjeld vinterstrategi, krav til utstyr i kontrakten og kvitmåling av tunnelar vert lagt til grunn ved utlysing av nye driftskontraktar for Ytre Sunnfjord og Nordfjord.